

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 25.01.05  
Sakshandsamar: Hilde Rudlang  
Saka gjeld: **Styringsdokument 2005 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

**Styresak 10/05 B**

**Styremøte 02.02.05**

---

## Bakgrunn

Dei regionale helseføretaka har tidlegare år motteke eit årleg styringsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dette dokumentet har omfatta ressursgrunnlaget, den helsefaglege bestillinga og eigarkrav.

Helse Vest har på tilsvarende vis laga eit styringsdokument til helseføretaka.

Frå 2005 har departementet endra dette slik at ressursgrunnlaget og den helsefaglege bestillinga kjem i eit eige bestillardokument, mens krav til eigarstyring kjem direkte i føretaksmøte. Vi viser her til eiga sak om bestillardokumentet og krava til eigarstyring frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF for 2005.

Helse Vest RHF må på denne bakgrunn også sjå nærare på korleis styringsbodskapen skal formidlast til helseføretaka og vurdere ei tilsvarende deling.

Det er ikkje hensiktsmessig å gjere det no. Administrasjonen legg såleis her fram forslag til eit samla styringsdokument for kvart av helseføretaka og for Helse Vest IKT AS.

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har same innhald, med unntak av punkt 4 om tildeling av midlar, ressursgrunnlag og bestilling.

Styringsdokumenta til Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS følgjer i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa at desse har eit særskilt og avgrensa ansvar.

## Kommentarar

Styringsdokumentet er eit sentralt virkemiddel i utøvinga av "sørgje for" ansvaret. Helseføretaka er dei viktigaste leverandørane av tenestene som inngår i "sørgje for" ansvaret.

I styringsdokumentet blir det stilt krav til helseføretaka og Helse Vest IKT når det gjeld prioritering, aktivitetsnivå, kvalitet på tenestene og økonomiske resultatkrav, bl.a. med bakgrunn i nasjonale krav til Helse Vest RHF, jf bestillardokumentet til Helse Vest RHF og protokoll frå føretaksmøtet.

I styringsdokumentet til helseføretaka og Helse Vest IKT er det tatt utgangspunkt i hovudpunkta frå bestillardokumentet til Helse Vest RHF og protokoll frå føretaksmøtet. All informasjon i desse dokumenta er likevel ikkje vidareført i styringsdokument til helseføretaka. Dokumenta blir lagt ved styringsdokumentet til helseføretaka.

Styringsdokumentet til helseføretaka og Helse Vest IKT byggjer elles på overordna føretaksplan og følgjer opp regionale prosjekt og fokusområde og vedtak som er gjort i styret. Styringsdokumentet er i hovudtrekk bygd opp på tilsvarande måte som for 2004.

Punkt 2 er ei samanfating av den overordna styringsbodskapen.

I punkt 3 blir det gitt ei kort presisering av styringsmodellen og krav til utvikling av denne.

Punkt 4 handlar om tildeling av midlar, ressursgrunnlag og bestilling for 2005. I bestillinga er størrelsen på delar av aktiviteten for 2005 fastsett.

Punkt 5 tar for seg styringsbodskapen knytt til dei fire hovudoppgåvene; pasientbehandling, utdanning, forskning og brukarmedverknad og opplæring av pasientar og pårørande.

Avsnittet om pasientbehandling tek opp følgjande tema:

- aktivitetsnivå
- ventetider og fristbrot
- prioritering
- kvalitet og metodevurdering med resultatkrav på kvalitetsindikatorar, pasienterfaringsundersøkingar, kvalitetsregister, faglege retningslinjer og pasienttryggleik
- psykiatri og opptrappingsplanen for psykiske helse
- tilbodet til rusmiddelmissbrukarar
- rehabilitering og habilitering
- lokalsjukehus
- samhandling og samarbeid med primærhelsetenesta
- smittevern og beredskap
- høgspesialisert medisin – landsfunksjonar, nasjonale og regionale kompetansesenter

Punkt 6 inneheld eigarstyring knytt til økonomi og organisasjon. Krav knytt til økonomi omhandlar:

- omstillingsutfordring og balansekrav
- kapitalfundamentet
- investeringar
- låneopptak og driftskredittar
- krav til einskapleg rekneskapsføring
- innføring av kompensasjonsordning for meirverdiavgift i 2006

Under organisasjonsutvikling blir følgjande teke opp:

- leiging
- løns- og arbeidsforhold
- kommunikasjon og omdømme
- juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll
- innkjøp
- oppfølging av statlege handlingsplanar o.a. på særskilte område
- utvikling av styringsinformasjon i spesialisthelsetenesta
- sjuketransportordninga
- oppfølging av regionale prosjekt/nye regionale prosjekt
- regional IT-strategi
- samarbeid med Helse Vest IKT AS
- samarbeid med apotekføretaket

I punkt 7 blir det gjort greie for krav til rapportering.

Styringsdokumentet til Apoteka Vest HF følgjer same oppbygging som styringsdokument til dei andre helseføretaka, med unntak av punkt 5 der styringsbodskapen er knytt opp til farmasifaglege tenester.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS har ein noko enklare oppbygging enn dei andre styringsdokumenta. Punkt 4 som handlar om styringsbodskapen knytt til ansvarsområdet for Helse Vest IKT AS, tek for seg tema leveransar, forholdet mellom aktørar – rolleavklaring, kvalitet og utvikling, strategiske tiltak som bl.a. arbeidet med kontraktstrategi og IKT-strategi, og organisasjonsutvikling med bl.a. leiging, openheit, juridisk rammeverk og internkontroll.

### **Forslag til vedtak:**

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Helse Førde HF i samsvar med forslaget datert 02.02.05
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Helse Bergen HF i samsvar med forslaget datert 02.02.05
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Helse Fonna HF i samsvar med forslaget datert 02.02.05
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget datert 02.02.05
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Apoteka Vest HF i samsvar med forslaget datert 02.02.05
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2005 til Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget datert 02.02.05